

Florø Rockeklubb - 10 år

8. november 2003 · Haavebua



Ole Staveteig sv

2003

8. NOVEMBER

HAAVEBUA

Frå arkivet

FLORØ: Når Rockeklubben feira sitt tiårsjubileum denne helga var det for full musikk, fulle hus og stormande jubel. Foto: Dag Magne Knapstad

Det har vore ei kjempehelg, og deLillos-konserten laurdag var berre heilt fantastisk bra! seier rockeklubbleiar Tor Hjalte. Lukka lag. Feiringa starta fredag, med middag på Haavebua for 150 spesielt inviterte gjester. Under middagen var det mange flotte talar der godorda hagla frå alle kantar. Gjestene fekk oppleve eksklusive opptredenar av Raggle Taggle Gypsies og Ole Staveteig, i tillegg til anna underhaldning, fortel Hjalte.

Kommune-vase Flora kommune gjorde stas på Rockeklubben ved å overrekke dei ein spesiell vase. Vi fekk vite at denne vassen er første eksemplaret av ei rekkje vasar som kommunen har fått produsert. Dei har fått laga desse for å ha ei gåve til institusjonar og organisasjonar som gjer noko positivt i kommunen. Så det var ei ære å få vassen, seier Hjalte. I tillegg til å bli gjort stas på, gjorde Rockeklubben sjølv stas på ein del samarbeidspartnarar ved å dele ut blomster. Vi er avhengige av ulike samarbeidspartnarar for å kunne drive, og no fekk vi endeleg synleggjort kor stor pris vi set på samarbeidet, seier han.

Kjempenøgde Hjalte og Rockeklubben er kjempenøgde med heile helga. Det har vore ei kjempehelg, det har vore skikkeleg kjekt. Banda var veldig nøgde, både med arrangementet og med mat, bustad og alt. Og det arrangørtekniske gjekk stort sett greitt heile helga, sjølv om eit band som deLillos krev mykje teknisk. deLillos-konserten laurdag var forresten heilt sinnssjukt bra. Kongekonsert!

Dette er skrevet om 10 års jubileet

De Lillos leverte Magisk Staveteig Jubilerte for full musikk Raggle Taggle Gypsies, Rause Florø-venner Raggle Taggle tornado Jubilerer med kjempekallas Medlems innbydelse 10 års jubileum (annonsering) Rockeklubben 10 år med rock

Rockeklubben jubilerer - 10 År

Helgen 7. og 8. November fyller Florø Rockeklubb 10 år, og det skal selvfølgelig markeres på en heidundrendes måte med 2 åpne konserter på Haavebua både fredag og lørdag. I tillegg feirer medlemmene seg selv med middag og konsert fredagen.

The Raggle Taggle Gypsies

10-ar-jubileum-2003-oversikt The Raggle Taggle Gypsies, eit av tidenes mest populære irske band i Florø Knappt noko band har klart å skape ei så elektrisk stemning på bua som dette bandet. Dei gler seg vanvittig til å møte Florø-publikummet igjen, og det skjer fredagskvelden då Rockeklubben feirar seg sjølv og samarbeidspartnarane med eit lukka lag.

Lørdag 08. november

De Lillos & Ole Staveteig

Eitt av landets mest populære rockeband dei siste 10 å ra, DeLillos, er klare for Florø

DeLillos står for noko av det tøffaste som er gjort her til lands på rockefronten. Tilhengarar av innertiarar av nokre låtar som f.eks. "Hjernen er alene", "Kokken Tor" og "Neste sommer" vil få ein draumekveld denne laurdagen, meiner Tor Hjalte i Florø Rockeklubb. Til oppvarming denne kvelden har dei ingen ringere enn Florøs eigen supergitarist Ole Staveteig, som har tatt turen heim for å vere med å feire rockejubileet i barndomsbyen.

Florøgutt og multigitarist Ole Staveteig vil være med oss hele helga, som oppvarming både fredag og lørdag med sitt eminente gitarspill.

En skikkelig aperitiff!!!

VORSPIEL med Raggle Taggle Gypsies i lobbyen på Quality på lørdagen.

Dette er skrevet om 10 års jubileet De Lillos leverte - Magisk Staveteig - Jubilerte for full musikk - Raggle Taggle Gypsies, Rause Florø-venner Raggle Taggle tornado - Jubilerer med kjempekallas



De Lillos stenberg



071103-FP-jubilerte-fullmusikk



HEILE ARKIVET
Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Samansett av fleire originale artiklar. Kjelde-ID: 68, 72.